Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29. | Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Høylandet.

Emne: Julenissen. | Bygdelag: Høylandet

Oppskr. av: Peder Pedersen | Gard: Brandvo

(adresse): Høylandet i Namdal | G.nr. 87 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi røynsle. 82 år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Til sp. 1. So vidt eg veit er det berre omlag 30 år at julenissen har vore kjendt her i bygda. Frå fyrst av var det vel helst i heimane han tok til å syne seg. Etter kvart vart han og eit fast innslag i juletrefestane for borna. På andre festar var han ikkje med. Det var vel helst gjenom bøker og blad at bygdefolket her lærte julenissen å kjenne og soleis fekk vite korleis han skulde sjå ut.

Til sp. 2 Her i bygda er det vanleg at julenissen deler ut alle julegavorne, når han kjem på vitjing i heimane. Etter at ein har ete julekveldsmaten - blir juletreet sett fram på golvet. Store og småe lagar so ring kring treet og tek so til å synge dei vanlege julesongar. Seid på litt bankar det på døra og julenissen stig inn - med sekk på ryggen, eller kjelke han dreg etter seg. Og so tek han til å dele ut gåvorne. På juletrefestane går det for seg omlag likeeins, - men der får kvart barn ein pose med godter av nissen.

Julenissen blir nok vanleg spurt om han vil ha noko traktement. Men som oftast

5135

2

får ein til svar; at han inne har so
mange heimar han skal vitja; at han
ikkje kan hefte burt tida med å ete
og drikke. Eg skal her gjera merksam
på; at i dei heimar der det ikkje er
born; kjem det heller ingen julenisse.
Til Sp. 3 Er det ein vaksen ungdom i heimen - helst
ein liten ein - er det ein slik som blir
utkladd som nisse. I motsatt fall er
det husbonden som har denne jobben.
" " 4. Nissen har alltid maske med langt
kvitt skjegg. Han er kladd i raud sidkufte
eller undertrøye; raud toppluve, svart
sid bukse og fornsko. Om livet - eller
rundt halsen har han knytt eit
raudt skjerf.
" " 5. Det er gjøpmasker som blir nytta; helst
elles er det maske heimelaga.
" " 6. Å gå julebukk - er ein skikk; som ikkje
er komen i bruk her.
" " 7. Nei.
" " 8. Dei fleste av borna har både lese og høyrt
om nisse og tussekallar; og dessutan kjem dei for
til å setta julenissen i samband med
desse vesena. Difor blir det jamnast sagt
til julenissen når han går sin veg; at
han må gjera vel at han må sjå inn
på låven - der julegrauten står og ventar
på han.
" " 9. Nei - slike forteljingar har eg ikkje høyrt
gjeti.

5135

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING